



Norsk faglitterær
forfatter- og
oversetterforening

Norsk språkråd
Postboks 8107 Dep.
NO-0032 Oslo

nynonemnd@sprakradet.no

Dykkar ref.:11/135-1

Oslo, 21. februar 2011

Høyringsfråsegn – om revisjon av nynorskrettskrivinga

Vi viser til Språkrådets ekspedisjon datert 1. februar 2011. Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening (NFF) har følgjande merknader til endringsframlegget.

NFF er ei fagforeining for forfattarar og omsetjarar av faglitteratur. Foreininga sikrar medlemmene sine fageige og økonomiske interesser gjennom forhandlingar om avtalar med offentlege og private institusjonar om vilkår for utgjeving og bruk av faglitteratur, om vederlagsordningar m.m. NFF arbeider også for å fremje god faglitteratur, styrkje norsk skriftspråk og tryggje yringsfridomen i eit internasjonalt perspektiv. Foreininga har nær 5400 medlemmer.

NFF har merka seg korleis styret i Språkrådet formulerer målet med revisjonsarbeidet, nemleg å "laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer. (...) Målet er å etablera ei norm som gjer det lettare å vera nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid. Norma skal vera lett å bruka uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse" (sitert frå høyringsbrevet). NFF er samd i dette utgangspunktet, og konstaterer – når framlegget no ligg føre – at nemnda har løyst oppgåva på ein sær god måte.

Språkrådet ber om særskilde merknader til punkta som er attgjevne nedanfor.


Forslag som NFF er samd i:

- Berre *-leg*, ikkje *-lig*.
- Berre *-stilling*, ikkje *-stellig*.
- Valfri *j* i verb og svake hokjønnsord.
- Diftong som eineform.
- Dobbelt konsonant som eineform.
- Valfri samsvarbøying i perfektum partisipp.
- Kløyvd infinitiv går ut av rettskrivinga.
- I-mål går ut av den offisielle norma.

Forslag som NFF ber nemnda vurdere på nytt:

- *Dykk* som subjektsform vert jamstilt med *de*. NFF er ikkje overtydd om at dette er eit tenleg forslag, særleg fordi det er vanskeleg å skjønne korleis forslaget gjer det lettare å vere nynorskbrukar, slik målformuleringa føreset. I alle fall vil NFF rå ifrå at former som *dokke(r)*, *dåkke(r)* eller *dokke* blir valde.
- Framlegget om å stryke dei jamstelte formene *skole* og *mye* o.a. NFF tykkjer at ein særleg i det førstnemnde tilfellet, om framleggget blir ståande, kan risikere uheldige og utilsikta verknader, mellom anna fordi termen *skole* alt er innarbeidd i mange institusjonsnamn; tospråklege nemningar her bør ein unngå.

Vennleg helsing
Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening



Trond Andreassen
Generalsekretær